

**SAKSFRAMLEGG****Detaljregulering turveg og gangbru Håkkedalen 2. gongshandsaming**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Samfunnsutval	31/21	09.06.2021
Kommunestyre	59/21	17.06.2021

Handsaming i Kommunestyre - 17.06.2021

Sondre Aasan (SP) ba om å få sin gildskap vurdert. Aasan fråtredde møtet under handsaminga av gildskapen.

Det var 14 representantar til stades under handsaming av saka.

Forslag frå ordførar Beate Marie Dahl Eide om å kjenne Aasan ugild i saka.
Forslaget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Samfunnsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyre - 17.06.2021

Detaljreguleringsplan for Håkkedalen vert endeleg godkjent jf. PBL §12-12.

Handsaming i Samfunnsutval - 09.06.2021

Anne Gundersen (SP) møtte for Sondre Aasan (SP)
Tone Telnes og Aslaug Norendal frå Feste deltok over Teams.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Samfunnsutval - 09.06.2021

Saka blir sendt vidare til kommunestyret med fylgjande innstilling:
Detaljreguleringsplan for Håkkedalen vert endeleg godkjent jf. PBL §12-12.

Rådmannen si tilråding:

Detaljreguleringsplan for Håkkedalen vert endeleg godkjent jf. PBL §12-12.

Innleiing:

På vegne av prosjektet «Opplevingsvegen om Nutheim» har Feste Landskap Arkitektur fremja eit forslag til ei enkel turvegbru som skal gå over sidebekken Kjøta, samt ein oppmura turveg i skråninga mellom FV 3420 og Flatdøla. Planen har vore på offentleg høyring og ved å realisere planen legg ein til rette for å få til ei trafikksikker løysing forbi «gamleheimsvingen» ved garden Sundbø. I høyringsrunden har ein fått merknader frå Statsforvaltaren, NVE, Fylkeskommunen samt to private innspel. Desse er frå Trygve Aasan og Ottar Flatland.

Fakta:

Ein samanstilling av dei innkomne merknadane ligg som eit vedlegg til saka, men nedanfor er ein kortfatta tabell med spesifikke merknadar frå offentlege instansar og private personar. Offentlege instansar som ikkje har noko spesifikke innspel er ikkje teke med i tabellen.

Innspel/merknad	Rådmannen sin kommentar
Noregs vassdrags- og energidirektorat	
Prinsippkissa for bru punkt og fylling ser ut til å ha finare masser som sikring for «tåa» for muren. Eksisterande masser er mykje grovare enn dei som er teikna på prinsippkissa. Vegfyllinga, også under bru punkt, må tole straumande vatn. Ein må sørge for at jorda nedanfor tørrmuren ikkje forsvinn i elva. Muren må konstruerast slik at han toler påkjenning ved ein flaum, som om han står i vatn. Under prosjektering av brua må den prosjekterast slik at den ikkje blir undergrave. Sjølv om området ikkje har mykje erosjon, må ein likevel sørge for at konstruksjonar som vert bygd ved vassdraget toler ein påkjenning av flaum.	Utforming av mur og masser i fyllingsfot mot elvesida skal beskrivast og utarbeidast i tråd med innspela NVE her har kome med når byggeplan skal utarbeidast.
Det er lite kantvegetasjon på staden i dag. Det er viktig å etablere kantvegetasjon på vegfyllinga. Det vil bidra med å halde på massane og hindre erosjon av den nye vegfyllinga.	Kantvegetasjon må etablerast som del av bygginga. Leggast inn i beskrivelse for byggeplan.
Statsforvaltaren	Kommentar frå Kommunen
Vi støttar kommunen om å gjere tilrettelegginga gjennom planhandsaming slik som her, men saknar omsynet til heilskapet. Vi vil minne kommunen, som planansvarleg om å ha heilskapen og omsynet til det verdifulle kulturlandskapet høgt oppe i vurderingane, og	Opplevingsvegen om Nutheim er vist som omsynssone kulturmiljø H570 i nytt planforslag til kommuneplanens arealdel. På den måten bidreg kommuneplanen med å sikre at dei verdiane som er viktige for opplevingsvegen blir tekne vare på, samstundes med at sjølve vegen eller tiltak

vi anbefaler vidare ein samla plan for heile prosjektet.	knytt til opplevingsvegen ikkje skal gå ut over naturmangfald og landbruk.
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Kommentar frå Kommunen
Det er heilt avgjerande at tiltaket ikkje påverkar flaumforhold for jordbruksareala i området i framtida.	Rådmannen er semd med fylkeskommunen og ein må syte for at byggeplan og tiltak ivaretek dette. Føresegn er med å bygge opp under dette.
Turvegen må byggast på ein slik måte at vegens oppbygging ikkje vert påverka. I reguleringsføresegnenes punkt 3.1 om rammeløyve ber vi om at det takast inn at landskapsplanen og den tekniske planen skal godkjennast av Vestfold og Telemark fylkeskommune.	Lagt inn som nytt punkt i føresegn: 3.1 c) Skal landskapsplanen og den tekniske planen godkjennast av Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Trygve Aasan	Rådmannen sin kommentar
Det er manglar på konsekvensar/verknadar av turvegen i planen. Kan bare bli retta opp ved at heile planen blir utsatt til det føreligg ein detaljert og komplett konsekvensutgreiing	Ift krav om konsekvensutgreiing – viser til KU-vurdering i saksutgreiing
Det er ei saksopplysningfeil når Feste i planen gjentek og gjentek at her er det bare snakk om ein turveg som blir bygd og blir liggande i ein vegskråning. Det rette er sjølvstekt at turvegen blir bygd ved oppfylling i elveløpet som igjen vil gå på bekostning av kapasiteten til vatnet i elva ved flaum	Turvegen blir bygd som del av vegskråninga og turvegbrua ligg over normalvasstanden i elva (ca. 2m). Ved storflaum kan elva gå opp og over turveg og bru. Desse må derfor tole å stå under vatn i ein storflaum. NVE har gitt tilbakemelding på dei tiltaka som er foreslått og har ikkje kravd nærare utgreiing av konsekvensar ved flaum.
Ein veit at klimaendringane gjer at det blir meir og meir vanleg med ekstremt mykje regn i løpet av kort tid som fører til fleire flaumar.	Vurdering av auka flaumfare har ikkje NVE sett krav om.
Feste burde også fått med i planen at NVE i frå 2017 har endra praksis når det gjeld oppfølging av arealplanlegging i kommunane. Endra praksis betyr her at kommunane sjølve nå i mykje større grad vurderar og tek ansvar for alle konsekvensane dei ulike utbyggingane vil ha for samfunnet. Feste burde vel også sett det som viktig for saka at eg som grunneigar hadde blitt invitert med på dei ulike befaringane som har vore i Håkkedalen, særleg befaringane saman med NVE. Underteikna har aldri blitt invitert med på befaringar.	Grunneigar er i fleire rundar invitert på møte med bygdeutviklingslaget i samband med prosjektet og kommunen. På synfaring med NVE har vi ikkje invitert med grunneigarar nokon stad.
Underteikna er som tidlegare nemnt ikkje i mot turistar, gåande eller syklande, men eg er i mot at det her skal byggast ein veg som ein ikkje veit om har negative konsekvensar ved flaum.	Som nemnd over, viser til KU-vurdering i saksutgreiinga.

Derfor krev eg at heile reguleringsplanen blir satt på vent til det føreligg ei komplett og detaljert konsekvensutgreiing.	
Ottar Flatland	Rådmannen sin kommentar
Tiltaket må vurderast etter Vassressurslova og Grannelova	<p>I ein sak som dette, etter plan- og bygningslova, er det nok å sjekke ut om tiltaket er i motstrid med øvrig lovverk. Tiltaket er ikkje i motstrid med vassressurslova.</p> <p>Det er tiltak som er konsesjonspliktige som skal behandlast etter vassressurslova og dette tiltaket har så liten betydning for vassdraget at det ikkje er konsesjonspliktig.</p> <p>Grannelova omhandlar <u>privatrettslege</u> forhold, i dette tilhøvet forholdet mellom grunneigarar. (også der det offentlege er ein av grunneigarane) Det skal ikkje blandast saman med prosessen etter Pbl som er <u>offentleg rett</u>. (regulerer forholdet mellom det offentlege og individet) Partane i saka må sjølvstendig forholde seg til grannelova, men prosessane må ikkje blandast saman. Pbl har eigne krav om medverknad, mm som er tilstrekkeleg for plansaken.</p>
Det må lagast detaljerte teikningar med reelle profilar langs heile planområdet der det kjem fram om tiltaket medfører ei innsnevring av elveløpet.	Tiltaket medfører ikkje ei innsnevring av elveløpet.

Rådmannens vurdering av plikt til konsekvensutgreiast, jf. KU-forskrifta § 6 b)

I samband med planinitiativ, vart behov for KU utgreia, og ein konkludera med at planarbeidet/planforslaget ikkje ville utløyse KU plikt jf. KU-forskrifta § 6 b).

Reguleringsplaner som alltid skal konsekvensutgreiast, jf. KU-forskrifta § 6 b), er lista opp i forskrifta sitt vedlegg I.

Vedlegg I, pkt. 7 omtalar planlegging av vegar.

- b) Motorveger og andre avkjørselsfrie vegar som er atterhaldt motorisert trafikk
- c) Anlegg av ny veg med minst fire kjørefelt eller utbetring og/eller utviding av ein eksisterande veg som har to kjørefelt slik at den får minst fire kjørefelt, dersom ein slik veg har ein lengde på minst 10 km
- e) Andre vegtiltak med investeringskostnader på meir enn 750 millionar kr.

Rådmannen har vurdert at standarden, omfanget og kostnadane for turvegen i Håkkedalen vil ligge langt under det som utløyser krav til konsekvensutgreiing jamfør vedlegg I, pkt. 7 i forskrifta.

Planar som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn (§8), vurdering etter kriteria i § 10.

Jamfør §8 skal tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn.

Turvegbru i Håkkedalen representerer tiltak som kan koma inn under tiltak nemnd i Vedlegg II pkt. 10 e), pkt. i «Bygging av veier.»

Tiltaket er ikkje konsekvensutgreidd i oversiktsplan, jf. § 8 a). Det må derfor vurderast om planen får vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter kriteria i § 10, og dermed fell inn under kravet. Vurderingskriterie etter §10:

§10, 2. ledd: eigenskapar ved planen eller tiltaket.

Eigenskapane ved og omfanget av tiltaket er omtala i planinitiativ og planomtale. Forskrifta seie at ein skal sjå til fylgjande faktorar når ein vurderer eigenskapane ved tiltaket:

- a. *størrelse, planområde og utforming*
- b. *bruken av naturressursar, særlig areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar*
- c. *avfallsproduksjon og utslipp*
- d. *risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofar.*

Rådmannen har vurdert at storleiken på tiltaket er liten, naturressursar blir ikkje brukt og tiltaket fører ikkje til avfallsproduksjon i seg sjølv. Tiltaket fører heller ikkje med seg risiko for alvorlege ulukker.

§10, 3. ledd: lokalisering og påverknad av omgjevnadane.

Punkta nedanfor viser til punkt i forskrifta. Som grunnlag for vurderingane er eksisterande informasjon om dei ulike tema innhenta frå offisielle databasar.

- Verneområde etter naturmangfaldslova: det er ingen registrerte verneområde innafor eller nær planområdet. Det er ingen objekt, område eller kulturmiljø freda etter kulturminnelova.
- Det er ikkje registrert raudlista artar, verdifulle kulturminne eller kulturlandskap eller friluftsområde innanfor planområdet.
- Overordna føringar: Tiltaket er ikkje i strid med overordna føringar som forskrifter, lovverk eller rikspolitiske retningslinjer.
- Tiltaket fører ikkje til omdisponering av jordbruksareal, skogbruksareal eller andre område avsett som LNF-område.
- Tiltaket vil ikkje føre til auka belastning i forhold til miljøkvalitetsstandardar.
- Tiltaket vil ikkje føre til konsekvensar for befolkningas helse.
- Tiltaket vil ikkje føre til vesentleg ureining eller klimagassutslepp.
- Tiltaket fører ikkje til auka risiko for alvorlege ulukker.
- Tiltaket ligg i eit område som er flaumutsett, men dette vil ikkje føre til auka risiko for naturfare (sjå innspel frå NVE).

§10, 4. ledd: verknadars intensitet, kompleksitet, mv.

Eventuelle verknadars intensitet og kompleksitet er vurdert på eit overordna nivå. Det er for dette tiltaket eit forhold som peikar seg ut – og det er at området er flaumutsett. Dette er ein tematikk ein har god oversikt over og verknadane av tiltaket vil ikkje, gjennom intensitet eller kompleksitet, røre ved dagens flaumrisiko.

Rådmannen har vurdert at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing, då verknaden av planforslaget for miljø og samfunn ikkje vil vera vesentlege, jfr §8 og §10, og heller ikkje fell inn under kriteria i § 6.

Alternativ som har vore drøfta undervegs fyre planen no skal til slutthandsaming:

- Innspel frå T. Aasan om å legge turvegen oppom byggefeltet – Dette har vore vurdert, men Rådmannen har konkludert med at ein slik ekstra sving ikkje vil føre til ei god samankopling med turvegen vidare nedover langs elva og dermed at han ikkje vil bli bruka. For dei som bur i Sundbøhaugen vil det sjølvstundt kunne fungere, men ift turvegprosjektet knytt til Sogevegen er det ikkje ei teneleg løysing.
- Å flytte fylkesvegen lenger inn i skråninga vart spela inn frå Samfunnsutvalet då saka første gongen var oppe til handsaming i vinter. Det vil bli ei mykje større utbyggingssak både ift økonomiske rammer og prosess mot vegstyresmakter og er derfor vurdert som lite realistisk å få gjennomført som del av dette turvegprosjektet.
- Å legge sykkelruta/turvegen oppe langs vegen med turvegbrua parallelt med køyrebrua er det også sett på, men vegvesenet har ikkje vore positive til denne løysinga. Men dersom alternativ skal utgreiast nærare, er det denne som evt bør vurderast etter rådmannen sitt syn.

Vurdering:

Det er interessemotsetnadar som vil bli utløyst av planforslaget, sidan ein av grunneigarane ikkje er positiv til tiltaket.

Etter ei totala vurdering av tiltaket, er det fleire positive enn negative konsekvensar ved å regulere området i tråd med planforslaget. Planforslaget fylgjer opp fleire ynskjer og føringar om å leggje til rette for turvegar i samfunnet, både med omsyn til klima, folkehelse mm.

Konklusjon:

Rådmannen rår til å godkjenne detaljreguleringsplan for Håkkedalen, med ei endring i føresegna; nytt punkt 3.1 c) Skal landskapsplanen og den tekniske planen godkjennast av Vestfold og Telemark fylkeskommune. Nye føresegn ligg vedlagt i saka.

Vedlegg

- 1 Føresegner
- 2 Planbeskrivelse
- 3 Plankart
- 4 ROS-analyse
- 5 Samla merknadar offentlege instansar
- 6 Samla merknadar privatpersonar